



## Notat

Dato: 07.12.2015  
Arkivsak: 2015/3575-10  
Saksbehandlar: chaespe

---

**Til:** Fylkesrådmannen

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur og idrett

---

### Kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre Normandie

Fylkesutvalet handsama 24. september i år sak PS 245/2015 om kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre Normandie, og gjorde følgjande vedtak:

1. *Hordaland fylkeskommune inngår framlagt avtale med La Région Basse-Normandie, L'ésam – Ecole supérieure d'Art & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.*
2. *Fylkesordføraren får mynde til å signere framlagt avtale.*
3. *Fylkesrådmannen får delegert mynde til å utpeike representant frå Hordaland fylkeskommune til tildelingsutvalet.*
4. *Fylkesutvalet ber om å få sak om evaluering av "Handlingsplanen 2013-2015 for samarbeidet Nedre Normandie – Hordaland.*

Vedtakspkt 1-2 er gjennomført av Kultur- og idrettsavdelinga i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling og fylkesutvalet sitt vedtak. Vedtakspkt 3 vert gjort av Kultur- og idrettsavdelinga ved neste ordinære val av representant til tildelingsutvalet.

Jf vedtakspkt 4 ber fylkesutvalet om ei evalueringa av Handlingsplan for Hordaland fylkeskommune sitt samarbeid med Nedre Normandie. Samarbeidet omfattar økonomisk utvikling, forskning og innovasjon, utdanning og yrkesopplæring, og kultur og kulturminne.

Fylkesdirektør for kultur og idrett viser til vedtaket, og ber om avklaring av ansvaret for oppfølging av pkt 4. Slik vi ser det, kan det vere naturleg at Regionalavdelinga v/ Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse gjer oppdraget.

Arkivnr: 2015/3575-5

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	245/15	24.09.2015

**Kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre-Normandie****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune formaliserer samarbeidet med La Région Basse-Normandie, L'ésam – Ecole supérieure d'Art & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen ved å inngå ein fireårig samarbeidsavtale om utveksling av nyutdanna kunstnarar.

Avtalen har blitt til med bakgrunn i fornya samarbeidsavtale mellom regionen Nedre-Normandie og Hordaland fylkeskommune, underteikna av fylkesordføraren 22. mai 2013, og handlingsplan 2013-2015, underteikna av fylkesvaraordføraren. Avtalen vart handsama i Kultur- og ressursutvalet 16. april 2015, med følgjande vedtak: *Kultur- og ressursutvalet rår til at framlagt avtale vert inngått mellom Hordaland fylkeskommune, La Région Basse Normandie, L'ésam – Ecole Supérieure d'Arts & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.*

I Basse-Normandie er det lagt opp til at avtalen skal signerast av presidenten av regionen.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune inngår framlagt avtale med La Région Basse-Normandie, L'ésam – Ecole supérieure d'Art & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
2. Fylkesordførar får mynde til å signere framlagt avtale.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 07.09.2015**

Viser til saksopplysninger i sak 2015/3575-1 som vart handsama av Kultur- og ressursutvalet 16. april 2015.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015**

**Alf Helge Greaker** sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ber om å få sak om evaluering av "Handlingsplanen 2013-2015 for samarbeidet Nedre Normandie – Hordaland."

**Tom-Christer Nilsen** sette fram slikt forslag:

"Fylkesrådmannen får delegert mynde til å utpeike representant frå Hordaland fylkeskommune til tildelingsutvalet."

## **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Greaker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Nilsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune inngår framlagt avtale med La Région Basse-Normandie, L'ésam – Ecole supérieure d'Art & Médias Caen/Cherbourg og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
2. Fylkesordføraren får mynde til å signere framlagt avtale.
3. Fylkesrådmannen får delegert mynde til å utpeike representant frå Hordaland fylkeskommune til tildelingsutvalet.
4. Fylkesutvalet ber om å få sak om evaluering av "Handlingsplanen 2013-2015 for samarbeidet Nedre Normandie – Hordaland.

## **Vedlegg**

- 1 Samarbeidsavtale
- 2 Handlingsplan